



Kommunestyret samt 1. og 2. varamedlem

Skrivet går berre som e-post til dei som har oppgitt e-postadressa si

Vår referanse:
15/802/15/7818/ASK/TR

Arkivkode:
FE-080

Dykkar referanse:

Dato:
06.11.2015

INFORMASJON TIL NYVALDE POLITIKARAR OM OPPLÆRING

Me vil informera om førebels opplegg for opplæring av de som folkevalde.

KS har utarbeidd eit Folkevalgtprogram som me vil nytta i opplæringa av dei folkevalde. Dette programmet består av ei bok – **Tillit – Folkevalgt i kommunen og fylkeskommunen** – som alle dei faste medlemmane i kommunestyret får utlevert på kommunestyremøtet den 26.11.2015. Boka er også tilgjengeleg digitalt - <http://www.ks.no/link/6ecbd8a95d304015b3a80d868cc96245.aspx?id=20279>, og me legg til grunn at dei som ikkje får utlevert boka bruker denne. I tillegg tilbyr KS alle kommunar og fylkeskommunar eit fire dagar gratis folkevaldprogram. Dei to første dagane – kjerneprogrammet – bør gjennomførast så tidleg som mogleg etter valet.

Samnanger kommune vil ta del i KS sitt opplegg. Me har knytt til oss tidlegare ordførar i Haugesund Petter Steen som vår prosessleiar. Denne opplæringa vert gitt til alle i kommunestyret og 1. og 2. varamedlem til kommunestyret:

- Onsdag 09.12.2015 kl 09.00 – 15.00
- Onsdag 13.01.2016 kl 09.00 – 15.00

Alle vert oppfordra til å lesa i boka før opplæringa tek til.

De kan lesa meir om opplegget på KS sine heimeside under folkevaldopplæring.

Økonomi og budsjettarbeid Administrasjonen vil gi opplæring om dette tema i samband med at formannskapet/kommunestyret har budsjettet på dagsorden.

Informasjon og opplæring om dei ulike tenestene. Me legg opp til at kommunestyret vert presenterte for dei ulike sektorane og lovverk knytt til desse på dei tre kommunestyremøta i første halvdel av 2016.

Naturutvalet vil koma til å handtera saker som er sterkt regulert av lovverk allereie på første møte. Utvalet vil få ei grundig opplæring først og fremst i plan- og bygningslova men også i lov om forureining. Delar av dette vert gjort av administrasjonen, og opplæringa vil vert gitt i samband med dei ordinære møta. Me vil elles vurdere opplæringa for naturutvalet etter kvart.

Kontrollutvalet si opplæring vil verta administrert av sekretariatet for utvalet. Det er alt laga ein plan som medlemmane i utvalet vil få nærare melding om frå sekretariatet.

Møteplan for første halvdel av 2016

	Februar	Mars	April	Mai	Juni
kommunestyre		3		12	16
formannskap	18		28		2
naturutval	09		25	31	

Med helsing

Tone Ramsli
rådmann

Tone Ramsli
rådmann